

**Møteprotokoll**

<b>Utval:</b>	Stord kommune, Kontrollutvalet
<b>Møtestad:</b>	Stord rådhus, kommunestyresalen
<b>Dato:</b>	01.12.2022
<b>Tid:</b>	14:00 - 17:00

**Følgjande faste medlemmer møtte:**

Namn	Funksjon	Representerer
Fredrik Liltleskare	Leder	H
Stian Djuvsland	Nestleder	FRP
Gunnhild Kristin Borlaug	Medlem	FRP

**Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:**

Namn	Funksjon	Representerer
Astrid-Cecilie F. Aleksandersen	MEDL	AP
Tore Jubskås	MEDL	SP

**Følgjande varamedlemmer møtte:**

Namn	Møtte for	Representerer
Hege Myklebust	Tore Jubskås	SV

**Merknader**

Deloitte v/ Kari Gåsemyr heldt kurs for kontrollutvalet og tilsette i kommuneadm. frå kl. 12 til 14. Tema var «Arkivering, journalføring og offentlegheit».

Astrid-Cecilie F. Aleksandersen melde forfall på førehand. Aktuelle varapersonar hadde ikkje høve til å møta.

**Andre som møtte**

Namn	Stilling
Mariann Jacobsen Hilt	Fung. rådmann (sakene PS 34, 35, 38 og delvis 44/22)
Marianne Heggholmen Aarbø	Økonomisjef (sak PS 34-35/22)
Birthe Blokkhus	Einingsleiar førebyggjande tenester (PS 38/22)
Else Holst-Larsen	Partner i Deloitte AS
Kari Gåsebyr	Forvaltningsrevisor i Deloitte AS
Hogne Haktorson	Kontrollsjef, sekret. for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune
Fredrik Liltleskare utvalsleiar	Hogne Haktorson utvalssekretær

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

## Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
<b>Godkjenningssaker</b>			
GK 9/22	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 10/22	Godkjenning av møteprotokoll frå møte 15.09.2022	033	
<b>Politiske saker</b>			
PS 34/22	Rådmannen orienterer 2. gong om oppfølging av revisjonsrapport 2021 frå Deloitte	216	
PS 35/22	Deloitte presenterer interimisrevisjonsrapport for 2022	216	
PS 36/22	Støymålingar ved Eldøyane industriområde - orientering frå rådmannen	217	
PS 37/22	Forvaltningsrevisjon effektivitet og kvalitet i tenester til utviklingshemma - statusrapport	217	
PS 38/22	Forvaltningsrevisjon om førebyggjande arbeid for barn og unge - handlingsplan	217	
PS 39/22	Rullering av plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 - 2024 - Prosessmøte ved Deloitte	217	
PS 40/22	Rullering av plan for eigarskapskontroll for perioden 2020 - 2024	216	
PS 41/22	Møteplan 2023 for kontrollutvalet	033	
PS 42/22	Kurs i regi av Deloitte AS vårhalvåret 2023	085	
PS 43/22	Gjennomgang av møteprotokollar i Stord kommune	033	
PS 44/22	Eventuelt	033	
<b>Referat saker</b>			
RS 22/22	Årsmelding 2021-2022 Mobbeombodet i Vestland	033	
RS 23/22	Nytt fra FKT sept. 2022	073	
RS 24/22	Det er opna for påmelding til NKRF sin kontrollutvalgskonferanse 2023	085	
RS 25/22	Nytt fra FKT okt. 2022	073	

## **GK 9/22 Godkjenning av innkalling og sakliste**

### **Saksprotokoll 01.12.2022 - Stord kommune, Kontrollutvalet**

#### **Behandling i møte**

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste.

#### **Vedtak**

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjent.

## **GK 10/22 Godkjenning av møteprotokoll frå møte 15.09.2022**

#### **Forslag til vedtak**

Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 15.09.2022 vert godkjent.

### **Saksprotokoll 01.12.2022 - Stord kommune, Kontrollutvalet**

#### **Behandling i møte**

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 15.09.2022 vert godkjent.

## **PS 34/22 Rådmannen orienterer 2. gong om oppfølging av revisjonsrapport 2021 frå Deloitte**

#### **Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

### **Saksprotokoll 01.12.2022 - Stord kommune, Kontrollutvalet**

#### **Behandling i møte**

Fung. rådmann Mariann Jacobsen Hilt og økonomisjef Marianne Heggholmen Aarbø orienterte om oppfølging av revisjonsrapport nr. 2 for 2021 frå Deloitte AS. Partner i revisjonsselskapet, Else Holst-Larsen, orienterte og om status. Det gjenstår litt dokumentasjon knytt til balansepostar. Revisor ser om det er på plass ifm. neste revisjonsrapport, som normalt kjem opp i kontrollutvalet sitt møte i mai 2023.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

## **Vedtak**

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

## **PS 35/22 Deloitte presenterer interimstrevisjonsrapport for 2022**

### **Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet tar oppsummering etter interimstrevisjon 2022 for Stord kommune frå Deloitte til orientering.

### **Saksprotokoll 01.12.2022 - Stord kommune, Kontrollutvalet**

#### **Behandling i møte**

Partner i Deloitte AS orienterte om interimstrevisjon 2022, bl.a. om at avstemmingar har vore eit fokusområde.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

## **Vedtak**

Kontrollutvalet tar oppsummering etter interimstrevisjon 2022 for Stord kommune frå Deloitte til orientering.

## **PS 36/22 Støymålingar ved Eldøyane industriområde - orientering frå rådmannen**

### **Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

### **Saksprotokoll 01.12.2022 - Stord kommune, Kontrollutvalet**

#### **Behandling i møte**

Fung. rådmann har før møtet ytra ønskje om at saka vert utsett grunna sjukdom i administrasjonen.

Kontrollutvalsleiar hadde slik forslag til vedtak:

**Kontrollutvalet utset saka til første møte i utvalet i 2023.**

Forslag frå utvalsleiar om utsetting, vart samrøystes vedteke.

## **Vedtak**

Kontrollutvalet utset saka til første møte i utvalet i 2023.

## **PS 37/22 Forvaltningsrevisjon effektivitet og kvalitet i tenester til utviklingshemma - statusrapport**

### **Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

### **Saksprotokoll 01.12.2022 - Stord kommune, Kontrollutvalet**

#### **Behandling i møte**

Forvaltningsrevisor Kari Gåsemyr orienterte om status for prosjektet. Ho orienterte og om eit tilsyn frå Statsforvaltaren i Vestland som er planlagt gjennomført i 2023, bl.a. om avlastning for barn. Grunna dette tilsynet og gjenståande arbeid med forvaltningsrevisjonen ift. timeramme i prosjektet, hadde ho forslag om slik avgrensing i forvaltningsrevisjonsprosjektet: Primært forvaltningsrevisjon retta mot vaksne som mottar tenestetilbod innan butilbod, arbeid og aktivitet. Utvalet støtta dette.

Vedtak i saka var samrøystes.

#### **Vedtak**

1. Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.
2. Avgrensing i forvaltningsrevisjonsprosjektet: Primært forvaltningsrevisjon retta mot vaksne som mottar tenestetilbod innan butilbod, arbeid og aktivitet.

## **PS 38/22 Forvaltningsrevisjon om førebyggjande arbeid for barn og unge - handlingsplan**

### **Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet tar tilbakemeldinga frå fungerande rådmann når det gjeld forvaltningsrevisjon om førebyggjande arbeid for barn og unge i Stord kommune til orientering.
2. Kontrollutvalet ber om å få tilsendt ny skriftleg status på oppfølging av forvaltningsrevisjonen til første møte i utvalet, hausten 2023.
3. Tilbakemeldinga vert å sende sekretariatet innan 10.08.2023.

### **Saksprotokoll 01.12.2022 - Stord kommune, Kontrollutvalet**

#### **Behandling i møte**

Einingsleiar for førebyggjande tenester, Birthe Blokkhus, hadde ei grundig orientering. Ho presenterte og eit fagsystem som er selt til 150 kommunar. Fung. rådmann Mariann Jacobsen Hilt supplerte. Utvalet stilte spørsmål som vart svart på.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

1. Kontrollutvalet tar tilbakemeldinga frå fungerande rådmann når det gjeld forvaltningsrevisjon om førebyggjande arbeid for barn og unge i Stord kommune til orientering.
2. Kontrollutvalet ber om å få tilsendt ny skriftleg status på oppfølging av forvaltningsrevisjonen til første møte i utvalet, hausten 2023.
3. Tilbakemeldinga vert å sende sekretariatet innan 10.08.2023.

## **PS 39/22 Rullering av plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 - 2024 - Prosessmøte ved Deloitte**

### **Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet sluttar seg til endringane som må gjerast i plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 - 2024 for Stord kommune, som resultat av endra risikobilete.
2. Notat og oppdatert plan vert å sende sekretariatet innan 20.01.2023 for vidare handsaming og godkjenning i første møte i kontrollutvalet i 2023.

### **Saksprotokoll 01.12.2022 - Stord kommune, Kontrollutvalet**

#### **Behandling i møte**

Kari Gåsemyr frå Deloitte fasiliterte i prosess med rullering av plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 - 2024.

Det kom framlegg om fleire endringar basert på ny risikovurdering.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

1. Kontrollutvalet sluttar seg til endringane som må gjerast i plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 - 2024 for Stord kommune, som resultat av endra risikobilete.
2. Notat og oppdatert plan vert å sende sekretariatet innan 20.01.2023 for vidare handsaming og godkjenning i første møte i kontrollutvalet i 2023.

## **PS 40/22 Rullering av plan for eigarskapskontroll for perioden 2020 - 2024**

### **Forslag til vedtak**

- Alt. 1. Kontrollutvalet vedtek slik endring i plan for eigarskapskontroll for perioden 2020 – 2024.....
- Alt 2. Kontrollutvalet vedtek at gjeldande plan for eigarskapskontroll for perioden 2020 – 2024 vert vidareført slik den ligg føre.

## **Saksprotokoll 01.12.2022 - Stord kommune, Kontrollutvalet**

### **Behandling i møte**

Kontrollutvalet drøfta gjeldande plan for eigarskapskontroll for perioden 2020 - 2024. Bl.a. vart Stord lufthamn vurdert i drøftinga.

Utvalet samla seg til slutt om forslag til vedtak, alternativ 2.

### **Vedtak**

Kontrollutvalet vedtek at gjeldande plan for eigarskapskontroll for perioden 2020 – 2024 vert vidareført slik den ligg føre.

## **PS 41/22 Møteplan 2023 for kontrollutvalet**

### **Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet legg opp til denne møteaktiviteten for 2023:

Dato:	Merknad:
16.02.2023	
20.04.2023	
22.05.2023	
21.09.2023	
30.11.2023	

## **Saksprotokoll 01.12.2022 - Stord kommune, Kontrollutvalet**

### **Behandling i møte**

For å unngå møte same dag som kommunestyret, vart møte 16/2-23 endra til 14/2-23.

Forslag til vedtak, inkl. endring av møtedato i februar, vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

Kontrollutvalet legg opp til denne møteaktiviteten for 2023:

- 14.02.2023
- 20.04.2023
- 22.05.2023
- 21.09.2023
- 30.11.2023

## PS 42/22 Kurs i regi av Deloitte AS vårhalvåret 2023

### Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ber Deloitte gjennomføre kurs med tema: .....
2. Tidspunkt for gjennomføring av kurs: .....
3. Sekretariatet vert beden om å ta seg av det praktiske med organisering og avvikling av kurset, gjerne i samarbeid med kommuneadministrasjonen

### Saksprotokoll 01.12.2022 - Stord kommune, Kontrollutvalet

#### Behandling i møte

Etter sams drøfting samla utvalet seg om at neste kurstema vert "Prosjektstyring / oppfølging / fallgruver", og at kurset vert gjennomført ifm. utvalet sitt møte i april 2023.

Forslag til vedtak, inkl. fastsetting av tema og møtedato, vart samrøystes vedteke.

#### Vedtak

1. Kontrollutvalet ber Deloitte gjennomføre kurs med tema: Prosjektstyring / oppfølging / fallgruver.
2. Tidspunkt for gjennomføring av kurs: 20.04.2023.
3. Sekretariatet vert beden om å ta seg av det praktiske med organisering og avvikling av kurset, gjerne i samarbeid med kommuneadministrasjonen.

## PS 43/22 Gjennomgang av møteprotokollar i Stord kommune

### Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

### Saksprotokoll 01.12.2022 - Stord kommune, Kontrollutvalet

#### Behandling i møte

Kontrollutvalet vart orientert av den einskilte, om nokre av protokollane etter sist utvalsmøte.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### Vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.



## **PS 44/22 Eventuelt**

### **Forslag til vedtak**

#### **A - Revisjon ved overgang 2022 til 2023.**

Då det og er starta revisjon i 2022 som vert ferdigstilt i 2023, ber kontrollutvalet om at restfinansiering vert overført frå 2022 til 2023.

### **Saksprotokoll 01.12.2022 - Stord kommune, Kontrollutvalet**

#### **Behandling i møte**

##### **A – Revisjon ved overgang 2022 til 2023.**

Forslag til vedtak i pkt. A, vart samrøystes vedteke.

##### **B - Oppfølging av eventueltsak B frå kontrollutvalet sitt møte 15.09.22**

Fung. rådmann vart spurt om når kontrollutvalet kan venta svar på spørsmål stilt 15.09.22 i sak PS 33/22 Eventuelt, underpkt. B. Rådmannen lova at utvalet skulle få ein status innan 14 dagar.

Vedtak i saka var samrøystes.

#### **Vedtak**

##### **A – Revisjon ved overgang 2022 til 2023.**

Då det er starta revisjon i 2022 som vert ferdigstilt i 2023, ber kontrollutvalet om at restfinansiering vert overført frå 2022 til 2023.

##### **B - Oppfølging av eventueltsak B frå kontrollutvalet sitt møte 15.09.22**

Fung. rådmann vert beden om å syta for å gje ein status til kontrollutvalet relatert til sak PS 33/22 Eventuelt, underpkt. B, innan 16.12.22.

## **RS 22/22 Årsmelding 2021-2022 Mobbeombodet i Vestland**

### **Saksprotokoll 01.12.2022 - Stord kommune, Kontrollutvalet**

#### **Behandling i møte**

Vedtak i saka var samrøystes.

#### **Vedtak**

Referatsaka vart teken til orientering.

## **RS 23/22 Nytt fra FKT sept. 2022**

**Saksprotokoll 01.12.2022 - Stord kommune, Kontrollutvalet**

### **Behandling i møte**

Vedtak i saka var samrøystes.

### **Vedtak**

Referatsaka vart teken til orientering.

## **RS 24/22 Det er opna for påmelding til NKRF sin kontrollutvalsgkonferanse 2023**

**Saksprotokoll 01.12.2022 - Stord kommune, Kontrollutvalet**

### **Behandling i møte**

Kontrollutvalet ønskte at to faste medlemar frå utvalet kunne delta på NKRF sin kontrollutvalskonferanse 1. - 2. febr. 2023, og at utvalsleiar er ein av desse.

Vedtak i saka var samrøystes.

### **Vedtak**

1. Kontrollutvalsleiar vert påmeldt NKRF sin kontrollutvalskonferanse 1. - 2. febr. 2023.
2. Ein av dei øvrige faste medlemane i utvalet kan og delta.

## **RS 25/22 Nytt fra FKT okt. 2022**

**Saksprotokoll 01.12.2022 - Stord kommune, Kontrollutvalet**

### **Behandling i møte**

Vedtak i saka var samrøystes.

### **Vedtak**

Referatsaka vart teken til orientering.